

Fortau ned til skulen frå busslomma

28.07.2011



Det kjem truleg fortau på venstre side av vegen ned mot skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vegen ned til oppvekstsenteret frå busslomma
er i smalaste laget, men no kan
problemene bli løyst i samband med andre tiltak.
Det vil truleg bli fortau på strekninga.**

Kommunen har søkt kommunen om dispensasjon
frå gjeldande reguleringsplan i samband med AFA-prosjektet.
Kommunen skal føra fram leidningsgrøft
for spillvatn og overvatn til den nye bygget med 9 bueiningar.
Det omsøkte arealet er regulert til jordbruk.

Den naturlege traseen for leidningsgrøfta er i tilkomstvegen til oppvekstsenteret.
Ivar Kåre Døssland som er sakshandsamar strekar under
at vegen i dag er svært smal med liten
plass for både bilar og gåande. Når det først skal gravast i vegen for
leidningsgrøft, hadde det vore svært ynskjeleg å få utvida vegen med fortau for
å oppnå ein kjærkomen trafikksikringsgevinst, held Døssland fram.

Grunneigar Eldbjørg Myklebust Sivertsvold er
positiv til å avstå naudsynt veggrunn, som
er 180 kvadratmeter. Døssland har difor sendt eit avtaleutkast til henne
som gjev løyve til å føre fram grøfta

Av Ola Matti Mathisen